



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

**Møtedato:** 25. april 2017  
**Stad:** Meland kommunehus – Formannskapssalen  
**Kl.:** 08.30 – 13.00  
**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Morten Klementsens (medlem), Rikke Nordal (måtte gå 11.30) (medlem), Birgit Haugen Pihl (vara for Lars Barstad), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen) og Dag Erik Hagesæter (måtte gå 10.50) (vara for Øyvind Bratshaug)  
**Innkalla:** Økonomisjef Per Inge Olsen og konstituert rådmann Kari Anne Iversen  
**Revisjon:** Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Lars Barstad (nestleiar), Aslaug Aalen (medlem) og Øyvind Bratshaug (medlem)

.....

### **14/17 Årsrekneskapen 2016 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet**

Saksvedlegg: Årsrekneskapen og årsmelding for 2016, Meland kommune og Revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 14, Nordhordland Revisjon IKS

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret og kopi av uttala skal til formannskapet før dette organet gir innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner».

Økonomisjef Per Inge Olsen og revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte i saka for å orientere.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2016, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

### **Samrøystes vedtak:**

**Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2016:**

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2016. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 14.

### **Driftsøkonomi**

Meland kommune sin økonomi er også positiv i 2016. Driftsutgiftene har auka med ca. 10 % og driftsinntektene med 9 % frå 2015 til 2016. Mindreforbruket i 2016 er på om lag 9 mill. kr.

Netto driftsresultat i 2016 er pluss 14,3 mill. kr og det utgjør 2,5 % av driftsinntektene, og er ein resultatnedgang på 2 mill. kr frå 2015. Ein stor del av kommunen sine utgifter er lønnsrelaterte. Samanlikna med 2015 har lønnsutgiftene inklusiv sosiale utgifter auka med 10 %.

### **Tenesteområda – skjema 1B og 2B**

Kommunestyret har vedtatt ei total ramme som rådmann kan fordele på dei ulike tenesteområda. Kontrollutvalet synes kommunestyret bør vurdere på kva nivå ein vel å vedta budsjettskjema 1B på. Slik det er i dag så vedtek kommunestyret berre eit beløp som rådmann har fullmakt til å fordele på dei ulike tenesteområda.

Netto utgiftsramme delegert til rådmannen var på kr 421,9 mill. i 2016. Avvik (overforbruk/underforbruk) er forklart i årsmeldinga. Totalt sett så er det eit mindreforbruk hos tenesteområda på 2,8 mill. kr i forhold til utgiftsramma.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der avvik i forhold til vedteke budsjett. Rev. budsjett er i lita grad endra frå oppr. budsjett, og avvika er store i nokon av utbyggingsprosjekta. Avvika er forklart i årsmeldinga. Kontrollutvalet har tidlegare peika på at kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsuavhengig.

### **Anna**

Årsmeldinga og årsrekneskapen utgjør egne separate dokument, jf. kommunelova § 48. Kontrollutvalet er nøgd med at kommunelova sine krav til årsmeldinga si informasjonsplikt kjem tydeleg fram i årsmeldinga, jf. årsmeldinga 2016 kapittel 2. Kommunelova § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein høg etisk standard og betryggande kontroll. Desse punkta er omtalt i årsmeldinga.

### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 18.04.2017 og revisjonsrapport nr. 14 datert 19.04.2017.

Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten, som mellom anna peiker på:

- Vedtaksutforming ved tildeling av omsorgsbustad er viktig dokumentasjon for skatteetaten ved kontroll med mva-kompensasjon på bustadar til helse og sosiale føremål i kommunen, og gode interne skriftlege rutinar og ansvarsplassering på området er viktig å få på plass
- Rutinar for kontroll ved utrekning av tilskotssatsar for private barnehagar
- Rutineendringar for avstemming av betalingsautomat legekantor
- Bankkontoar utanfor rekneskapen medfører risiko og rekneskapen tilfredsstillar ikkje krava i kommunelova § 48
- Aksjar i Sambandet Vest
- Synleggjering av risikofaktorar ved kortsiktig finansiering
- Lån skal avdragast etter kommunelova § 50 nr. 7
- Rekneskapskjema 1A og 1B i årsmeldinga
- Forseinka årsavslutningsprosess medfører ein større risiko for at avvik ikkje blir avdekka

Kontrollutvalet tilrår at kommunen følger kommentarane i revisjonsrapport nr. 14 for å forbetre internkontrollen på økonomiområdet. Kontrollutvalet vil i løpet av 2017 følge opp revisjonen sine kommentarar.

### **Konklusjon**

Kommunen sin økonomi er positiv også i 2016, og utviklinga dei siste åra har vore god. Det er viktig at revisjonen sine kommentarar vert følgt opp, slik at nødvendige korrigeringar kjem på plass i 2016. Kontrollutvalet ser det som svært viktig at det er samsvar mellom budsjettet og årsrekneskapen, og at det er god økonomistyring i kommunen.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen og revisjonsrapport nr. 14, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Meland kommune 2016.

Frekhaug, tysdag 25. april 2017

Kåre Skibenes /leiar



Tonje Husum Aarland /sekretær



Kopi: Ordfører  
Rådmann  
Økonomi-  
ansvarleg

Meland kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 19.04.2017  
Revisjonsrapport nr.14

## Årsrekneskapen 2016

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2016. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA). Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlighet og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang. Generelt er rekneskapen godt dokumentert og avstemt.

### 1. Interimsrevisjon

#### 1.1. Revisjonsbesøk Meland sjukeheim

Før årsskiftet vart det utført revisjon av nokre områder i kommunen. Mellom anna besøk på Meland sjukeheim der vi fekk informasjon om økonomiske rutinar og gjennomførte kontrollar mot bokført rekneskap. Vi gjekk gjennom prosedyre for registrering av fakturagrunnlag i fagsystemet Cosdoc. Kopi av registrert fakturagrunnlag på sjukeheimen vart kontrollert mot utsendte fakturaer for perioden. Fakturaer var i samsvar med registrert fakturagrunnlag.

Rutinar for løn på sjukeheimen vart gjennomgått for å kartlegge eventuelle svakheiter i intern kontroll. Vi kontrollerte også lønnsgrunnlag på sjukeheimen mot utbetalt lønn for perioden. Kontrollen viste ingen avvik.

Vi gjennomgjekk også rutinar for innkjøp og kontrollerte utvalte innkjøp gjennom inspeksjon av mottatte varer og fysisk nærvær. Kontrollen viste ingen avvik.

## **1.2. Innkjøp og mva**

I samband med godkjenning av mva kompensasjonsoppgåver har vi utført stikkprøvekontroll av utgiftsbilag i 2016. Avvik er fortløpande teke opp med økonomikontoret for retting. Rutinekartlegging på område for mvakompensasjon på helse- og sosialbustadar viser svakheiter. Dette er nærare gjort greie for i punkt 1.3 under. Generelt er her elles lite feil og avvik og ingen av desse er vurdert som systemfeil som kan medføre vesentlege feil i årsrekneskapen.

## **1.3. Mva komp utleigebustadar**

Skatteetaten har tidlegare gjennomført kontroll med mva-kompensasjon på bustadar til helse- og sosiale føremål i kommunen og avdekka vesentlege feil på området, noko som resulterte i eit tilbakebetalingskrav på refundert mva-kompensasjon. Kommunen har i ettertid av denne kontrollen gjort endringar for å betre internkontrollen på området.

Vi har undersøkt kommunen sin praksis kring føring av mva-kompensasjon på bustadar og er av den oppfatning at desse ikkje er tilstrekkeleg til å sikre korrekt handsaming av mva. Vi stiller oss mellom anna tvilsame til om dagens vedtaksutforming ved tildeling av omsorgsbustad vil bli akseptert som tilstrekkeleg dokumentasjon ved ein eventuell ny kontroll frå skatteetaten.

Det føreligg ikkje skriftlege rutinar og ansvars plassering på området. Dagens praksis er i stor grad avhengig av andre einingar enn økonomi, særleg eigedomsavdelinga ved teknisk og pleie- og omsorgstenesta. Ved praksis som går på tvers av- og involverer fleire einingar er det viktig å plassere overordna ansvar, definere kva dei ulike einingane må sikre internt for at det totale systemet skal vere tilstrekkeleg, og stille krav om at dette vert gjort.

#### **1.4. Tilskot private barnehagar**

Utrekning av tilskotet er ikkje kvalitetssikra av Telemarksforskning for 2016 slik praksis har vore dei siste åra. Vi har fått framlagt utrekning av tilskotet. Oppstillinga viser ikkje klar samanheng med kommunerekneskapen på alle punkt og er ikkje formelt godkjent ved signatur eller liknande. Då dette er ein stor post i kommunerekneskapen ber vi om at utrekning av tilskotssatsar og tilskot for den enkelte barnehagen blir kontrollert og signert av to personar i kommuneadministrasjonen dersom ein ikkje vil nytta ekstern kvalitetssikring. Det må og sikrast god og oversiktleg dokumentasjon som viser klar samanheng mellom utrekning og grunnlagstal.

### **2. Årsrekneskap**

Kommunen har eit positivt netto driftsresultat på kr 14,3 mill. som utgjer 2,5 % av sum driftsinntekter. Resultatet er kr 12,5 mill. over budsjettert netto driftsresultat. Totalt sett er budsjettstyring tilfredstillande. Kommunestyret si budsjetterte nettoramme i rekneskapsskjema 1B etter budsjettrevisjon var på kr 422,8 mill. Faktisk rekneskapstal viser kr 423,5 mill.

#### **2.1. Avstemming betalingsautomat legekantor**

Vi har tidlegare omtalt nokre mindre avstemmingsdifferansar ved betalingsautomat legekantor. Det er også ved siste årsskifte ikkje gjennomført nøyaktig avstemming av denne og vi ber om at nødvendige rutineendringar blir gjort for å få nøyaktig avstemming.

#### **2.2. Utlån**

Startlån og sosiallån er administrert av Lindorff. Det er nokre mindre avvik mellom Lindorff sine rapportar for uteståande, renter mv. og bokført i kommunerekneskapen. Vi ber om at dette blir avklart i 2017. Det kan vurderast å føre reskontro for desse utlåna i kommunerekneskapen, eller eventuelt endre føring av innbetalingar på utlån slik at avstemmingsdifferansar lettare kan identifiserast.

#### **2.3. Avskrivning**

Anleggsmodulen har hatt nokre anleggsmidlar med feil status. Dette har medført for låge avskrivningar i 2015. Vi ber om at dette blir teke omsyn til i 2017 slik at avskrivingsperiode i anleggsmodulen stemmer med framtidig avskrivning av anleggsmiddelet.

#### **2.4. Byggelånsrente**

På to anleggsmidler er betalt mva teke med ved utrekning av byggelånsrente. Mva representerer generell finansiering av investeringsrekneskapen og skal ikkje inngå i grunnlag for byggelånsrente. Feilen har gitt litt for høg aktivering. Vi har ikkje vurdert dette som vesentleg i høve årsrekneskapen, men ber om at kommunen tek omsyn til dette ved seinare aktivering.

#### **2.5. Bankkontoar utanom rekneskapen**

Etter kommunelova § 48 skal årsrekneskapen «omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene.» Revisjon av likvidområdet viser at kommunen har nokre bankkontoar på Meland ungdomsskule og Rossland skule som kommunen er eigar av, men som ikkje er bokført i kommunerekneskapen. Dette har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Bankkontoar utanfor rekneskapen medfører risiko og rekneskapen tilfredsstillar ikkje krava i kommunelova § 48.

#### **2.6. Aksjar i Sambandet Vest**

Revisjonen har etterspurt aksjeeigarbok frå Sambandet Vest AS utan at slik er motteke og vi ber difor om at denne blir dokumentert i 2017.

Kommunen står som eigar av aksjekapital på kr 120 000 i selskapet, som vart betalt av NUI IKS i 2013. Vi ber om at det blir avklart om kommunen har motteke eit tilskot frå NUI IKS tilsvarande dette beløpet som skal inntektsførast under overføringar og balanseførast som aksjekapital i Sambandet Vest AS. Det bør også vurderast ved neste årsskifte om aksjeposten bør nedskrivast. Pr. 31.12.2015 var eigenkapitalen i selskapet negativ med kr 433 000.

#### **2.7. Langsiktig gjeld**

Kommunen si langsiktige lånegjeld består mellom anna av kortsiktige sertifikatlån og obligasjonslån. Av langsiktige ekstern gjeld på totalt kr 566 844 000 utgjer kortsiktige lån med forfall i 2017 kr 161 900 000 og obligasjonslån med forfall i 2021 kr 135 mill. Det er refinansieringsrisiko knytt til denne delen av låneportefølja sjølv om denne typen risiko generelt er låg i kommunane. Risikomoment i låneportefølgjen blir omtalt i finansrapportar som blir handsama av kommunestyret. I tillegg til informasjonen i finansrapportane vil vi rå til at risikofaktorane ved kortsiktig finansiering blir synleggjort. Det vil mellom anna gjelde

mogelig risiko for manglende tilgang til andre former for kreditt samt forventa utvikling i rentenivå og kredittmarginar. Det vil også gi god informasjon om rente ved alternativ kreditt i bank blir samanlikna med rente og forvaltningskostnader for kortsiktige lån, slik at eventuell innsparing ved bruk av kortsiktige lån blir synleg. Den eventuelle innsparinga er vederlaget for at kommunen tek på seg ein større refinansieringsrisiko.

Kommunen har utgiftsført avdrag i 2015 med kr 1 650 000 og i 2016 med kr 5 315 000. Desse er ikkje betalt, men er avsett som kortsiktig gjeld. Vi minner om at lån skal avdragast etter kommunelova § 50 nr. 7. Det er difor ikkje tilstrekkeleg å bokføre avdrag som avsetjing i rekneskapen, dei må og betalast året etter avsetjing. Jfr. brev frå GKRS til NKRF Servicekontor 26.09.2003, avsnitt «*Tilfeller der det er avtalt avdragsfrihet en periode*».<sup>1</sup>

### **2.8. Lønsmelding av økonomisk sosialhjelp og foreldrebetaling**

Desse er rapportert via oppgåve til skatteetaten. Avstemming mot rekneskap er ikkje dokumentert. Vi ber om at rutine for nøyaktig avstemming av desse blir innført i 2017.

### **2.8. Årsmelding**

Årsmeldinga viser i stor grad til beløp frå internrekneskap. Denne samsvarer ikkje heilt med rekneskapsskjema 1A og 1B i kommunerekneskapen og er såleis ikkje lett tilgjengelege for lesarane av årsmeldinga. Sjølv om avvik mellom beløp frå «internrekneskapen» og den framlagde kommunerekneskapen ikkje er vesentlege vil vi rå til at ein, frå neste årsoppgjer, nyttar tal frå den offisielle årsrekneskapen i analysen.

## **3. Årsavslutning og dokumentasjon**

Kommunen sin tidsplan med omsyn til ferdigstilling av årsrekneskapen la opp til ferdig rekneskap 20.02.17 og årsmelding 01.03.2017. Årsavslutningsprosessen er noko forseinka i høve til denne planen. Dette har medført at nokre område er seint avstemt og ikkje tilstrekkeleg avklart innan fristen for rapportering til kontrollutvalet. Vi har vurdert desse områda og meiner dei ikkje medfører vesentlege feil i rekneskapen, men forseinkinga medfører ein større risiko for at avvik ikkje blir avdekka.

---

<sup>1</sup> gkrs.no-spørsmål og svar



#### **4. Konklusjon**

Dei kommentarar som er teke inn i denne rapporten er ikkje vurdert som vesentlege feil i høve til vår revisjonsmelding, men har betydning for kommunen sin internkontroll på økonomiområdet. Vi ber difor om at desse blir følgd opp.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef